

Planomtale

Detaljreguleringsplan for:

Åheim sentrum

PlanID: 1511 xxxxxx

Dato: 05.05.2020



Utarbeidd av Herøy kommune

postmottak@heroy.kommune.no

Postadr.: Pb. 274, 6099 Fosnavåg, Besøksadr.: Rådhusgata 5, 6090 Fosnavåg

Innhold

1. SAMANDRAG	4
2. BAKGRUNN.....	5
2.1 Målet med planen	5
2.2 Forslagsstiller, plankonsulent, eigarforhold	5
2.3 Krav om konsekvensutgreiing	5
3. PLANPROSESSEN	6
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram.....	6
3.2 Planprosess, organisering og framdrift	6
4. PLANSTATUS OG RAMMER	8
4.1 Overordna planar.....	8
4.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar	8
5. SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE	10
5.1 Lokalisering	10
5.2 Staden sin karakter.....	11
5.3 Kulturminne og kulturmiljø	14
5.4 Naturverdiar.....	15
5.5 Landbruk	16
5.6 Rekreasjonsverdi.....	16
5.7 Trafikktihøve	17
5.8 Støyforhold	19
5.9 Barn sine interesser.....	19
5.10 Universelt tilgjenge	20
5.11 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon).....	20
6. SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET	21
6.1 Planlagt arealbruk.....	21
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål	21
6.3 Busetnaden si plassering og høgde	22
6.4 Parkering	23
6.5 Trafikkløysing	23
6.6 Planlagde offentlege anlegg	26
6.7 Landbruksfaglege vurderingar	26
6.8 Kulturminne	27
6.9 Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova	27



6.10	Rekkefølgjekrav	27
7.	VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET	28
7.1	Landskap, omgjevnader og staden sin karakter	28
7.2	Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi	28
7.3	Tilhøvet til naturmangfaldslova	28
7.4	Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk	29
7.5	Trafikkforhold.....	29
7.6	Barn sine interesser.....	29
7.7	ROS.....	29
7.8	Jordressursar/landbruk.....	30
8.	9 INNKOMNE INNSPEL	30
8.1	Stig Runde Løvold - 23.08.2018.....	30
8.2	Statens vegvesen – 24.08.2018	30
8.3	Paal Espen Wingaard, Larvik by as – 27.08.2018.....	31
8.4	Fiskeridirektoratet – 27.08.2018	31
8.5	Stig Runde Løvold - 02.09.2018.....	32
8.6	PIM AS – 04.09.2018 og 07.09.2018.....	33
8.7	Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum – 14.09.2018	34
8.8	Møre og Romsdal fylkeskommune – 13.09.2018	34
8.9	Fylkesmannen i Møre og Romsdal – 01.10.2018	35
8.10	Knut Bøstrand – 19.09.2018	37
8.11	Mona Sølv Sekkingstad – 20.09.2018.....	38
8.12	NVE – 20.09.2018.....	38
8.13	Riksantikvaren – 14.09.2018	38
8.14	Hans-Jakob Branden – 24.09.2018.....	38
8.15	Åheim bygdeutvikling – 24.09.2018	39
8.16	Bent Støvreide – 26.09.2018.....	40
8.17	Bygdefolk – 28.09.2018.....	40
8.18	Kystverket – 12.10.2018.....	41
8.19	Ivar Sandnes – 31.01.2019	42
8.20	Jeanette Alvestad – 24.06.2019.....	42
8.21	Opplysningsvesenets fond – 20.08.2018	43

1. SAMANDRAG

Åheim er i eit av to sentrum i Vanylven. Arealet er nytta til både bustadar, forretning, offentleg/privat tenesteyting, næring mm. Vanylven kommune ynskjer no å etablere føreseielege rammer for utviklinga vidare gjennom å detaljregulere Åheim sentrum.

Det er planlagt ei omlegging av Fv.61 med rundkjøring der Fv.61 møter Fv. 5850 og Fv. 5858. Tilkommen til Åheims sentrum vert også lagt nord for dagens bensinstasjon av omsyn til framkomelegheit for transport(unngår ein 90grader sving slik det er i dag) og generell trafikkavvikling. Fv.5858 får då ei rettast mogleg linje mot hamna på Åheim.

Planforslaget legg opp til ei nøktern utvikling av Åheim og vil gje plass til både frittliggjande bustadar(aust og vest for Fv.61) og meir konsentrerte bustadar mot sentrum(4-mannbustadar).

I sentrum er det planlagt ei utvikling med kombinert føremål på bygga i sentrum med forretning, tenesteyting, bustadar, kontor, hotell/overnattning og bevertning samt anna som naturleg høyre heime i eit sentrum. Det er ynskjeleg at 1.etg. i sentrumsbygg er forbeholdt næringsaktivitet og særleg utadretta verksemد, men ein har ikkje skrive føresegner som låser dette.

Det er lagt opp til å endre infrastrukturen i sentrum for å gje ei betre runde for buss og gjere delar av sentrum bilfritt som td. torg og grøntareal.

Det vert lagt opp til offentleg parkering midt i sentrum på grunn av avstand til dei ulike sentrumsbyggja.

Arealet kring st.Jetmunds kyrkjestad vert utvida for å legge til rette for meir gravplass samt urnelund mot aust. Før ein byggjer ut ein evt. Urnelund bør kommunen engasjere landskapsarkitekt for å sikre ein tilkomst som er universelt utforma. Dette er undersøkt i planarbeidet og mogleg å løyse i etterkant. Ein forsøkte å legge til rette for parkering sør for kyrkjestaden, men på grunn av flaumfare såg ein dette som därleg løysing. Det vart derfor regulert ein større parkeringsplass ved gamle tekstilfabrikken mot vest i tråd med kommuneplanen. Avstanden er ca. 50m.

I området mot småbåthamna vert det lagt opp til eit vesentleg større innslag av turisme og fritidsbustadar. Det er tenkt ei utvikling av fritidsbygg som er vendt mot hamna og sjøen og kan utformast som rorbuer med varig opphold både i 1. og 2. etg. Dette kunne privatisere delar av området, men det er lagt opp til eit grøntareal i bakkant av bygga der det vil vere open for ålmenta.

Det gamle naustområdet på Åheim vert ikkje endra i dette arbeidet. Førsegner som er godkjent i eksisterande plan vil bli vidareført. Det kan ikkje gjerast tiltak i dette området utan særskilt løyve frå kulturminnemynde.

Planforslaget legg opp til at det kan fyllast ut i sjøen utanfor industriområdet ved hamna, men det må gjerast nærmare undersøkingar av konsekvensane (KU) før dette kan gjerast. Sidan dette ikkje er eit aktuelt prosjekt no vil Vanylven kommune utsetje arbeidet med KU til ein ser at det er reelt med utfylling i området sidan dette er ein kostbar utgreiing.

2. BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Hovudmålet med planarbeidet er å sikre ein meir framtidsretta infratruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtast i eit «skeivt» X-kryss då det utgjer eit vesentleg faremoment ift. Trafikktryggleik og tryggleik til mjuke trafikantar.

Sekundert skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både ift. sentrumsbebyggelse, fritid og turisme og meir bustadar.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold


Forslagsstillar er Vanylven kommune og planarbeidet er utført av Herøy kommune, Utviklingsavdelinga. Asplan viak har vore engasjert for utteikning av plankart.

Tidlegare vedtak i saka

Oppstart av planarbeid i Formannskapet 26.06.2018, sak 90/2018.

2.3 Krav om konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert etter *forskrift om konsekvensutredninger* § 6 og finn at delar om planforslaget må konsekvensutgreiast etter bokstav b og vedlegg I. Dette gjeld bustadområde (BK1-8) aust for Fv. 61 som ikkje er KU-vurdert i kommuneplanen sin arealdel. Sjå vedlegg 8 for KU av området.



For utfylling i sjøen utanfor BI 1 og 2 er det stilt rekkefølgjekrav om KU før det kan fyllast ut i sjø.

3. PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Det vart gjennomført medverknadsmøte med innbyggjarane på Åheim 29.08.2018. Det var godt oppmøte med mellom over 60 personar som fekk orientering om planarbeidet samt moglegheit for å kome med innlegg. Det vart presisert i møte at dersom nokon hadde innspel til arbeidet måtte dette sendast inn skrifleg til kommunen i etterkant.

3.2 Planprosess, organisering og framdrift

Planarbeidet skulle eigentleg ferdigstilla i 2019, men på grunn av stor saksmengde hos Herøy kommune har alle planar teke lenger tid enn planlagt. Asplan viak vart derfor engasjert for å teikne ut plankart, men av økonomiske årsakar ville ein skrive planomtale og føresegner sjølve.

Prosess: Detaljplan PBL § 12-3	Forum/deltakarar/ansvarleg	Framdrift
Førebuande arbeid: Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av grunnlagsdata.	Plankonsulent, Vanylven kommune(adm)	Februar - juni 2018
Oppstartsmøte: Føringer og synfaring.	Plankonsulent, Vanylven kommune(adm)	13.februar
Oversending plandokument for oppstart	Plankonsulent	Juli 2018
Vedtak om oppstart av planarbeid	Formannskapet	Sak 90/2018 26.06.2018
Varsling/annonsering: Høyringsrunde 6 veker	Plankonsulent, Vanylven kommune(adm)	15.08.2018 – 28.09.2018
Utarbeiding av planframlegg: - Plankart - Føresegner - Planomtale Utreiingar: - Natur og landskap - Friluftsliv - ROS-analyse - Universell utforming - Arkelogisk registrering(utsett)	Plankonsulent, Vanylven kommune Nasjonale databasar Regionale myndigheter Kommunale fagpersonar	oktober – april 2020
Oversending for utlegging til offentleg ettersyn: - Vedtak om offentleg ettersyn	Formannskapet Vanylven kommune (adm.)	April 2020 F-sak xx/20


- Utlegging til offentleg ettersyn i 6 veker		
Innarbeiding av merknadar og merknadshandsaming	Vanylven kommune(adm.) (evt. plankonsulent)	September 2020
Kommunal slutthandsaming	Formannskapet og Kommunestyret	Desember 2020
Kunngjering av vedtak med klagefrist	Vanylven kommune (adm.)	Desember 2020



4. PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar


Åheim sentrum er i kommuneplanen sin arealdel avsett til bustadar, sentrumsføremål, offentleg/privat tenesteyting, grøntareal og vegformål.



Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel.

4.2 Gjeldande og tilgrensande reguleringsplanar

Reguleringsplan for Åheim småbåthamn vert erstatta i si heilheit av Åheim sentrum. Arealføremål vert i stor grad vidareført, men med ein større innslag av fritid og turisme.




Utsnitt fra reguleringsplan for Åheim småbåthamn



5. SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering



Lokalisering av planområdet



Planområdet vist med raud strek



5.2 Staden sin karakter

Åheim ligg sørvest i Vanylven kommune ca. 25 km inn i Vanylvsfjorden og er ei av dei største bygdene i Vanylven med sin ca. 300 innbyggjarar der berre Fiskå er større med ca. 500.

Terrenget i sentrum er relativt flatt og svakt hellande frå nordaust mot sørvest.

Åheimselva avgrensar Åheim sentrum mot sør og munnar ut i Vanylvsfjorden frå søraust og er ei attraktiv elv for fritidsfiske.

Åheim sentrum ligg sør vendt mot Åheimselva og består av mykje spreidd busetting og det har vore relativt lite utvikling i sentrum siste åra(herunder infrastruktur og ny bebyggelse).



Bunker Oil og Spar på Åheim med valmtak og flatt overbygning for pumpestasjon.



Coop Byggmix og Coop Marknad på Åheim.



Møbelringen med typisk flatt tak og ein privat bustad med tradisjonelt saltak.



Gamle Sunnmørsbanken i utkanten av sentrumskjerna i to etasjer og flatt tak.



Gamle tekstilfabrikk med flatt tak i ytterkant av sentrumsområdet på Åheim med privat bustad i bakkant med valmtak.




Sentrumsnær landbruksareal aust for Fv.61.



Sentrumsnært landbruksareal vest for Fv.61

5.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert fire automatisk freda kulturminner på Åheim i nærleiken av planområdet, der to ligg innanfor planområdet. Dette er St.Jetmund kyrkje og tilhøyrande kyrkjegard. Naustmiljøet på Åheim er ikke automatisk freda, men verna gjennom reguleringsplan.



Det er registrert eitt kulturminne innanfor planområdet, St. Jetmund kyrkjestad.

Naustmiljøet på Åheim(ID 891-46).

St.Jetmund Kyrkjestad



St.Jetmund Kyrkjestad

St.Jetmund kyrkje(ID 85534-1).

Middelaldersk kirkegård (ID 85534-2).

<https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=https%3A%2F%2Fdata.kulturminne.no%2Faskeladden%2Flokalitet%2F85534>

Møre og Romsdal fylkeskommune har stilt krav om arkeologisk registrering i planarbeidet, men med bakgrunn i omfanget av planen vil ein avvente registrering til etter offentleg ettersyn då ein betre kan vurdere kva område som er aktuelt med registrering. Om det er aktuelt med marin arkeologisk undersøking av landnære sjøområder må avklarast med ansvarleg kulturminnemynde.

5.4 Naturverdiar

Åheimselva er registrert rastepllass for fuglar og framstår som eit viktig(verdi B) område for fleire raudlista fugleartar.

Det er registrert følgjande raudlisteartar i nærområdet:

CR = kritisk truet: Åkerrikse(CR)

EN = Sterkt truet: Vipe(EN), Brushane(EN), Svarthalespove(EN),

VU = Sårbar: Dvergdykker(VU), Storspove (VU), Hettemåke(VU), Skjeand(VU),

NT = Nær truet: Fiskemåke(NT), Stær(NT), Taksvale(NT), Sandsvale(NT), Stær(NT), Gjøk(NT), Snadderand(NT), Gresshoppesanger(NT).

5.5 Landbruk

Terrenget i sentrum er relativt flatt og svakt hellande frå nordaust-sørvest. Fv.61 som ligg ovanfor sentrum ligg på eit høgare nivå enn sentrumsområdet.

Innanfor planområdet ligg det to relativt store landbruksområder som er sett av til LNF-føremål i kommuneplanen sin arealdel. Dette er såleis det største avviket ift. Reguleringsplan og kommuneplan.

Den største marka utgjer om lag 31 daa fulldyrka jord og har såleis ein høg vernestatus, men signal frå handsaminga ved varsel om oppstart var at kommunen ville prøve saka og omregulering til bustadføremål i tråd med varslingsdokumenta.



Oransje farge tyder fulldyrka jord og raud omriss syner den største marka på ca. 31daa.

5.6 Rekreasjonsverdi


Åheim er i seg sjølv eit attraktivt område nytta for rekreasjon. Nærleiken til Åheimselva og moglegheit for fiske i naturlege omgjevnadar er svært positivt.

5.7 Trafikktihøve

Det er i dag eit komplisert trafikkbilete der Fv. 61 møter fv.5850 og fv. 5858.

Fv. 61 er går rett gjennom og dei andre fylkesvegane har vikeplikt slik situasjonen er i dag. Det er langtransport gjennom området som medfører stor trafikk av trailerar. Mengda og størrelsen på køyretøy utgjer i seg sjølv eit faremoment i trafikken.

Planområdet grensar i sør og tek med seg kryssing av Åheimselva i form av bru. Brua er i dag ei køyrebane og er trafikklysregulert på grunn av breidda på bruva over Åheimselva.



Brua over Åheimselva.

Fv. 5858 går vidare vest mot Åheim småbåthamn og har to 90 graders svingar rett etter bensinstasjonen som medfører utfordringar for større køyretøy. Vegen er også relativt smal for den type transport som er planlagt(Industriområde og eit større utfyllingsområde).




To svingar på smal veg mot Åheim småbåthamn.



Trafikksituasjonen på Fv.61 ved Åheim sentrum.

5.8 Støyforhold

Det er i dag få bygg som ligg innanfor gul støysone jf. Statens vegvesen si støykartlegging. Dei husa det gjeld er: 46/56, delar av 46/43, delar av 46/90, delar av 43/33, delar av 46/20, delar av 46/25, delar av 46/34.



Utsnitt fra Støykart fra Statens vegvesen

Sjå meir informasjon på statens vegvesen sine kartsider:

<https://vegvesen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=805f97e2d6694f45beca4b7a7c59acec>

5.9 Barn sine interesser

Det er i dag få områder som er tilrettelagt for barn og unge. Tilkomst til skule/idrettsplass inneber for nokon kryssing av både Åheimselva og Fv. 61. Det er såleis eit komplisert trafikkbilete for born som skal til og frå skule/idrettsplass i dag.



Fv.61 med avkjørsel til fv. 5850 til venstre og fv.5858 mot høgre.

5.10 Universelt tilgjenge

Området er relativt flatt med god tilkomst og godt eigna for tilrettelegging for universell tilgjengeleghet.

5.11 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjå vedlegg 4 i saka: Sjekkliste ROS Åheim sentrum.

6. SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Hovudmålet med planarbeidet er å sikre ein meir framtidsretta infratruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtast i eit «skeivt» X-kryss då det utgjer eit vesentleg faremoment ift. Trafikktryggleik og tryggleik til myke trafikantar.

Sekundert skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både ift. sentrumsbebyggelse, fritid og turisme og meir bustadar.

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1):

- Bustader (BK)
- Fritidsbustadar konsentrert (FK)
- Fritidsbustadar blokk (FB)
- Sentrumsformål (BS)
- Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
- Uthus/Naust/Badehus (U/N/B)
- Leikeplass (BLK)
- Grav- og urnelund (BGU)
- Bustad/forretning/kontor (B/F/K)
- Bustad/tenesteyting (B/T)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2):

- Køyreveg (SKV)
- Fortau (SF)
- Torg (ST)
- Gang- og sykkelveg (GSG)
- Gangveg/gangareal/Gågate (SGG)
- Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- Annan veggrunn – grøntanlegg (SVG)
- Hamn (SHA)
- Kai (SK)
- Kollektivhaldeplass (SKH)
- Parkeringsplassar (P)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3):

- Naturområde (GN)
- Turdrag og friområde (GTD)
- Turveg (GT)
- Park (GP)



- Vegetasjonsskjerm (GV)

Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (PBL § 12-5, nr. 5)

- Landbruksformål (LL)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

- Farled (VF)
- Hamneområde i sjø (VHS)
- Småbåthamn (VS)
- Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (VNS)

Omsynsoner (PBL §12-6)

- Andre sikringsoner (H190)
- Hensyn grønnstruktur (H540)
- Bevaring kulturmiljø (H570)

Områdeføresegn (PBL 12-7, nr. 12)

- Krav om nærmere undersøkingar, overvaking og avklaring av verknadar (#)

6.3 Busetnaden si plassering og høgde

Det er lagt opp til ei langsiktig tilrettelegging for buseetting på Åheim gjennom dette planforslaget. Det vil bli lagt opp til både frittliggjande, konsentrert og kombinert busetnad (td. Kontor og tenesteyting med leiligheter).

For bygg som ligg innanfor faresone for flaum kan ikkje bygg plasserast lavare enn 2,7 m over NN2000.

Bustader (BK) gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.

Fritidsbustadar konsentrert (FK) maksimal mønehøgd på 6,5 m rekna frå topp golv nærmast sjøen.

Fritidsbustadar blokk (FB) gesims/mønehøgd på 10,5 m.

Sentrumsføremål (BS) gesims/mønehøgd på 10,5 m.

Offentleg eller privat tenesteyting (BOP) gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m.

Uthus/Naust/Badehus (U/N/B) mønehøgde maks. 5m. Takvinkel skal vere mellom 25 og 45 gradar.

Bustad/forretning/kontor (B/F/K) gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.

Bustad/tenesteyting (B/T) gesims på maksimalt 8 m og mønehøgde på 9 m. For bygg med flatt tak kan det førast opp bygg med gesims/møne på 8,5 m.



6.4 Parkering


For ormåde Fritidsbustadar(FB) og Bustad/forretning/kontor (B/F/K) er parkering føresett dekt innanfor området og parkeringsplassane skal samlokaliseraast.

Ved utbygging av bustadområde vil ein måtte oppfylle krava til parkerings som går fram av plan- og bygningslova og Teknisk forskrift (pt. Tek17)

Ved utbygging i sentrum vil det blir stilt krav om parkering etter det til ein kvar tid gjeldande parkeringsreglement i Vanylven kommune.

6.5 Trafikkloysing

Dagens løysing med eit skeivt X-kryss der tre fylkesvegar møtast er regulert med rundkøring med gode forhold for dei mjuke trafikantane.



Planforslag for ny rundkøring på Åheim.


Vegen som dag går mot sentrum og vidare mot småbåthamna er foreslått lagt om for å skape betre trafikale forhold for større køretøy. Ein unngår då to krappe svingar på ein relativt smal veg.

Gåande frå sør er tenkt å måtte gå rundt rundkøring og fylle gang- og sykkelvegen til dei tilrettelagde kryssingspunktene. Det er ynskjeleg med eitt kryssingspunkt og dette

er lagt nord for rundkøyringa. Administrasjonen meinar at ved å lage gode gang- og sykkelvegar vil fordelen ved å gå trygt på tilrettelagde kryssingspunkt vege tyngre enn snarvegane her og der. Denneplanen heng saman med gang- og sykkelveg sør for Åheimselva som vart fremja for Formannskapet i Vanylven 02.10.2018, sak 131/2018.

Den store diskusjonen rundt gang- og sykkelveg sør for Åheimselva var kva side av vegen gang- og sykkelvegen skulle ligge og kvar skulle kryssingspunktet for born og unge vere. Meir om fordelane og ulempene ved dei ulike alternativa til kryssing kan ein finne i saksframlegget til sak 131/2018.

Det alternativet ein landa på var gang- og sykkelveg nord for Fylkesveg 620. Gang- og sykkelveg på vestsida av Fylkesveg 61 med kryssing ved Thuekrysset for dei som skal ta buss i nordgåande retning. Kryssing av Fv.61 bør gjerast ved rundkøyringa då køyrande har lågast fart når dei møter ei rundkøyring.




Planforslag for gang-og sykkelveg sør for Åheimselva.



6.6 Planlagde offentlege anlegg

Det er planlagt to siktaksar gjennom sentrum som kan ende i to utvikspunkt/fiskeplassar på sikt. Innanfor torg(ST) kan det etablerast benkar og skulpturar samt andre tiltak som kommunen meinar høyrer naturleg heime på eit torg. ST skal sikre siktakser gjennom Åheim sentrum(blå pil). Innanfor området kan det beplantast med lave planter som ikkje hindrar siktaksen sin funksjon. Det kan etablerast utsiktspunkt/fiskeplass mot Åheimselva.



Utsnitt som syner dei to torgområda og parkområde.

Innanfor parkområdet (GP) kan det opparbeidast eit offentleg parkområde. Det vert tillate med tilplanting, benkar og liknande innafor området.

6.7 Landbruksfaglege vurderingar

Den ubebygde delen i planområdet er i dag landbruksområde. Om lag 30 dekar landbruksjord vil byggast ned. Området ligg inntil FV61 og bustadfelt og er ein naturleg del for utviding av bustadfelt på Åheim. Feltet ligg nært sentrum, barnehage og skule.

Planforslaget påverkar ikkje gjenværende landbruksareala i nærområdet ved deling av jorder, stenging av landbruksavkjørslar og liknande.



6.8 Kulturminne

St.Jetmund kyrkje(ID 85534-1) og middelaldersk kirkegård (ID 85534-2) er avsett til Grav- og urnelund (BGU) med omsynsone H 570. Innanfor området er det ikkje tillate å setje opp tiltak som kan skjemme kulturmiljøet eller gjere tiltak som er i strid med omsynet bak vernet.

Tilkomst til nye områder skal som hovudregel vere universelt utforma. Der det av terrengmessige høve ikkje kan etablerast universelt utforma tilkomst skal ein ha så slak stigning som terrenget tillet. Grav- og urnelund skal tilpassast terrenget og miljø slik at området får ei heilskapleg utforming.



St.Jetmund Kyrkje (inntekna med svart linje) er verna gjennom regulering.

6.9 Avbøtande tiltak/løysingar Naturmangfaldlova

Det framstår ikkje som konflikt mellom planlagt utbyggingsområde og dei raudlisteartane innanfor planområdet. Det vert ikkje lagt opp til ei vesentleg utbygging inn mot Åheimselva enn slik det er i dag.

6.10 Rekkefølgjekrav

Støytiltak

Støytiltak skal være ferdigstilt før veganleggget blir opna for trafikk.

Leikeplass

Felles leikeplassar skal opparbeidast og ferdigstillast i tråd med krava i kommuneplanen sin arealdel før det vert gjeve mellombels bruksløyve og ferdigattest.
Leikeareal innanfor byggjeareala (MUA) skal opparbeidast samtidig med bustadhusa.

7. VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Landskap, omgjevnader og staden sin karakter

Ved ei stevnis utvikling av Åheim sentrum i tråd med ein framtidsretta reguleringsplan vil ein kunne skape ei strammare utvikling for sentrum med god infrastrukturløysingar og gode områder for innbyggjarane. Det vert lagt opp til at Åheim vil få eit meir urbant preg ved ei utvikling i tråd med reguleringsplanen.

7.2 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi

Kulturminna som er registrert innanfor planområdet er regulert til vern.

7.3 Tilhovet til naturmangfaldslova

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentleg avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøverknader som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Som vedlegg følgjer sjekkliste for naturmangfald.

Oppsummering:

Det er registrert følgjande raudlisteartar i nærområdet:

CR = kritisk truet: Åkerrikse(CR)

EN = Sterkt truet: Vipe(EN), Brushane(EN), Svarthalespove(EN),

VU = Sårbar: Dvergdykker(VU), Storskogspove (VU), Hettemåke(VU), Skjeand(VU),

NT = Nær truet: Fiskemåke(NT), Stær(NT), Taksvale(NT), Sandsvale(NT), Stær(NT), Gjøk(NT), Snadderand(NT), Gresshoppesanger(NT).

Det er ikkje planlagt tiltak som vil påverke desse artane vesentleg. Ved utbygging av fylkesvegen skal arbeidet koordinerast med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for at det vert utbygd på ein mest mogleg skånsam måte for naturmangfaldet i området.

Det framstår ikkje som konflikt mellom planlagt utbyggingsområde og dei raudlisteartane innanfor planområdet. Det vert ikkje lagt opp til ei vesentleg utbygging inn mot Åheimselva enn slik det er i dag.

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstilande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

Førevar prinsippet (§9):

Dei tiltaka som vert foreslått gjeld utbygging som kommunen gjennom regelverket vil ha kontroll med skjer i ordna former. Det er ikkje planlagt tiltak som vil føre til meir ureining i området.

Samla belastning (§10):

Planframlegget medfører ikkje vesentlege ulemper for naturmangfaldet.

Overvaking (§11):

Så langt kommunen kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet.

Alternativ lokalisering (§12):

Det er ikkje vurdert alternativ lokalisering, men ei vidareutvikling og fortetting av eit eksisterande sentrum. Det er beholdt eit grønt belte mot sjøen som vil vere open for ferdsel.

Vurdering etter naturmangfaldsloven - konklusjon:

Samla belastninga av tiltaket medfører ikkje vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

7.4 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Planforslaget vil forbetre området som rekreasjonsområde.

7.5 Trafikkforhold

Planforslaget vil betre dei trafikale tilhøva og gjere det tryggare for mjuke trafikantar å ferdast på Åheim. Planforslaget vil også rette opp kurvene på ein del strekningar for å betre tilgjenge for større køyretøy.

7.6 Barn sine interesser

Det er i planforslaget lagt opp til vesentleg fleire leikeplassar enn det som har blitt bygt ut tidlegare(nye krav ved regulering). Åheim sentrum vil også bli meir attraktivt for born og unge. Ferdsel mellom sentrum, bebyggelse og skule/idrettsplass er også vesentleg forbetra i planforslaget kontra dagens situasjon.

7.7 ROS

Der er gjennomført ei enkel ROS-analyse med tilhøyrande utredning for flaum og skred. Det er vurdert som låg risiko for flaum eller skredhendingar innanfor planområdet og ein har derfor ikkje gått vidare med utvida undersøkingar med fagkunnig konsulent.



7.8 Jordressursar/landbruk

Den ubebygde delen i planområdet er i dag landbruksområde. Om lag 30 dekar landbruksjord vil byggast ned. Området ligg inntil FV61 og bustadfelt og er ein naturleg del for utviding av bustadfelt på Åheim. Feltet ligg nært sentrum, barnehage og skule.

Planforslaget påverkar ikkje gjenværende landbruksareala i nærområdet ved deling av jorder, stenging av landbruksavkøyrslar og liknande.

8. 9 INNKOMNE INNSPEL .

8.1 Stig Runde Løvold - 23.08.2018

Merknad:

- Vi, arvingane av gbr-nr 46/39, er ikkje uvillige til å avhende eigedomen til Vanylven Kommune med tanke på at kyrkjegarden er planlagt utvida mot syd-aust. Eit eventuelt salg er frå vår side å forutsette vil skje til marknadspris. Er det også slik kommunen tenker?

Vurdering:

- Reguleringsarbeidet legg opp til utviding av område for St.Jetmund kyrkjested. Det som gjeld kjøp og sal av eigedom er ikkje noko ein løysing i arbeidet med reguleringsplanen, men med eit utkast til plan ser ein no kor mykje kommunen ser føre seg å utvide. Kjøp og sal av grunn må handterast gjennom eigne prosessar med kommunen.

8.2 Statens vegvesen – 24.08.2018

Merknad:

- Statens vegvesen vil vere særleg opptatt av trafikktryggleik og framkome. Dette gjeld spesielt i høve mjuke trafikantar inkl. kollektivtrafikk. Ein av dei store utfordringane i Åheim sentrum er at fylkesveg 1, fylkesveg 5 og fylkesveg 61 nærmast møtast i eitt kryss rett nord for brua over Åheimselva der trafikken er lysregulert. Auka trafikk med tunge køyretøy som følge av realisering av Stad skipstunnel gjer at det er naudsynt å ha stor merksemd rundt dette området.
- Vi vil krevje trafikkanalyser som grunnlag for korrekt dimensjonering av dei ulike trafikkelementa i området i tråd med våre handbøker.
- Det er også naudsynt å utvide plangrensa i nordaust og søraust slik at fylkesveg 61 vert innarbeidd på heile strekninga.

Vurdering:

- Dei trafikale løysingane har vore premissgivar for dette planarbeidet og det er teikna ut eit forslag som ein meiner vil gje betre trafikale løysingar for Åheim.
- Herøy kommune(planansvarleg) har ved fleire høve bedt om å få tilsendt trafikkanalyser frå Statens vegvesen utan å ha fått dette tilsendt. Ein har likevel teikna ut eit framtidsretta infrastrukturløsing i tråd med statens vegvesen sine handbøker.
- Plangrensa er utvida i nordaust og søraust i tråd med merknaden.



8.3 Paal Espen Wingaard, Larvik by as – 27.08.2018

Merknaden inneholder mange innspel til reguleringsarbeidet, men også mange som ikke kan løysast gjennom reguleringsplanarbeidet. Fleire delar bør derfor vidaresendast til journalføring til Vanylven sin samfunnsdel skal rullerast.

Merknad:

- Åheim sentrum ligger midt i smørøyet når Stad skipstunnel kommer i nær fortid. Det er derfor viktig at man får på plass en plan som gjør Åheim attraktiv for reisende fra sjøen, og at Vanylven gjør seg attraktiv med blant annet Åheim, slik at kommunen kan få noe igjen for sine lange investeringer i å få på plass verdens eneste Skipstunnel.
- Jeg hadde håpet at man kunne jobbet frem Åheim som en gruveby som norges første rurale urbaneby. Med dette tenker jeg at Åheim vil tjene på å ta vare på sin egenart så langt den kan, samtidig som det må legges opp til vekst for å møte de krav turiststrømmen vil kreve når Skipstunnelen kommer. Lom har gjort et slikt grep, og har gjort Lom til et stoppunkt for mange. Jeg er inneforstått med at dette er en krevende øvelse men min påstand er at det vil Åheim ha igjen for. Folk er villige til å reise ekstra for å oppleve noe, og siden Åheim også vil bli et trafikk knutepunkt ligger mye til rette for at handel kan få en vekst. Noe som gir flere arbeidsplasser og tilføre stedet flere kvaliteter
- I sentrum bør det gjøres plass til informasjonssenter for tunnelen, hvor også vår geologi formidles. Det bør det settes ut steinstuffer med merking utenfor butikkene, slik at folk forstår de er i en gruveby med en stolt historie. Så fort bilindustrien reduserer produksjonen, slår det ut i permitteringer på Åheim, og Åheim kan levere i flere hundre år til.
- I tillegg til at man skal lage gang og sykkelstier som tjener naturlige transportetapper på Åheim. Håper jeg at man kan ha noen tanker om en ren rekreasjonsruter som sikrer tilgjengelighet til almenheten til å ta innover seg Åheimselven. Den bør gå fra Båthavna om Klungreholmen og rundt til Thue skole (Eller til det stedet hvor man ser for seg at Norsk Olivinsenter skal ligge i fremtiden.) og helst til kommende Hotell på Børholmen. En slags blå promenade som de har fått til i Stavanger.
- Med Stein i bybildet vil tilreisende raskt forstå Åheim, og gi en grunn til å stoppe, eller øke nysgjerrigheten for forekomsten og Åheim.

Vurdering:

- Planforslaget legg opp til auka turismesatsing mot småbåthamna og innspelet er såleis teke med i planforslaget.
- Planforslaget gir mogleger for å stramme opp sentrumsstrukturen og gje det eit meir urbant preg. Med ein betre sentrumsstruktur med betre trafikale løysingar og gode løysingar for gåande/turistar med fortau, parkområde og torg i sentrum.
- Dette kan etablerast i området avsett til sentrumsformål slik planen no ligg føre.
- Det er lagt til rette for tursti langs Åheimelva og denne er kobla mot gang- og sykkelveg over Åheimselva og kan førast vidare.
- Dette kan etablerast utan at det går spesifikt fram av planforslaget.

8.4 Fiskeridirektoratet – 27.08.2018

Merknad:

- Vi har ikke tilstrekkelig kunnskap om eventuelle påvirkninger av tiltaket og utfyllingen i sjø på gyteområdet for torsk. Vi forutsetter derfor at dette utredes nærmere. Hvilken



betydning tiltaket eventuelt vil kunne ha på blant annet tidlige livsstadier, konsekvenser for overlevelsen til egg- og larvestadiet, gyteområdet og gytesskissen totalt sett for torsk, vil være viktig å få klarlagt.

Vurdering:

- Det stilt krav om nærmere undersøking (KU) før det kan etablerast deponi i sjø ved #1.
Område # 1 skal det gjennomførast nærmere undersøking av konsekvensane ved å etablere eit deponi for reine masser (steinmasser frå skipstunellen).
Konsekvensutgreiing, jf. forskrift om konsekvensutredninger, må ligge føre før det vert gjeve løyve til oppstart av arbeidet.

8.5 Stig Runde Løvold - 02.09.2018

Merknad:

1. Forutsatt at Stadtunellen vert ein realitet so må det brukast masser til å forlenge eksisterande fylling ut i sjøen ved småbåthavna/gjestehavna, jfr biler som Arild Skorge har publisert.
2. Under same forutsetning må det teiknast inn kai og terminal for hurtigbåtanløp. Det må også vere tilstrekkelig med parkeringsplassar og terminalen vil og kunne vere bussterminal.
3. Det må inkluderast parkering for St.Jetmund-kyrkja
4. I dag er det eit fortau/gangveg som sluttar ved St.Jetmund. Det må vurderast å fortsette denne gangvegen vidare «framover» i bygda, dvs i austleg retning. Truleg mest fornuftig å ha gangfelt over vegen omtrent der gangvegen sluttar i dag (ved St.Jetmund) og deretter fortsette med gangvegen på nedsida av vegen. Ved gamle bankbygninga vil ein koble seg på eksisterande gangveg som går vidare til butikkane i sentrum.
5. ALTERNATIV trase for gangvegen kan vere langs elva frå St.Jetmund, på nedsida av Åheimtun/trygdebustadane og gamle bankbygget og fram til Mindorgarden. Denne kan kanskje kome som eit TILLEGG til gangveg oppe ved vegen, men då meir som ein mindre dimmensjonert spaser-sti langs elva/fjøra.
6. Litt på sida av reguleringsplanen men: løda som står i Grubse-tunet ved Åheimtun MÅ verte fjerna. Den er ei skam og er til fare for liv og helse slik den no har forfalle. VEKK MED DEN!
7. I området ved gamle bankbygget må det leggjast til rette for sentrumsnære leiligheter. Sidan det er ein aukande andel eldre i åra som kjem, må det vurderast om der og skal vere boligar av typen «trygdebustadar» (nærast Åheimtun).
8. Den store asfalterte plassen aust om gamle bankbygget og nord om Mindorgarden som i dag vert nytta til parkering og palle-lagring må kunne nyttast til f.eks bygning for skipstunelloppelvses-senter/steinsenter/cafe/Valborgsamlings etc.
9. På kort-veggen til SpareLys-bygget (tidlegare pallefabrikken) kan ein få opp ei utescene som vender mot den åpne plassen som er nedanfor Coop. Her kan det være diverse kultur-innslag, konserter o.l. Ein vil med ei slik scene også kunne dempe det heller lite fine inntrykket som det store industribygget no gir i dette sentrumsområdet.
10. Forstår det slik at krysset ved bruhaugen er tenkt som rundkjøring. Ein bør prøve å regulere inn «eit blikkfang» på det ledige arealet som forhåpentligvis vert på marka til Ingvar Aahjem nord-vest for rundkjøringa. Tanken min er at rundkjøringa får alle til å redusere farten og det er ynskjeleg at dei som er på gjennomreise finn ein grunn/motivasjon til å leggje inn ein stopp. Tenkjer kanskje at dette mest gjeld turistar i sommarhalvåret og ledig areal kan f.eks verte brukt på ein rastepllass med



parkeringsmulighet for 5-10 bilar eller andre bilar. I midten av rasteplassen kan ein f.eks bygge ei klatrepypyramide (sjå vedlagt bilde nedanfor frå Telemarksporten rastepllass ved Porsgrunn) og ein kan ha informasjonstavler for St.Jetmund, Steinsenteret, forhåpentlegvis «skipstunell-senteret», peridotplassen osv. Innkøyringa til denne rasteplassen kan vere rett ved sidan av Sparbutikken.

11. Den syd-austlege delen av marka til Borg aust for riksveg 61 bør kunne nyttast til tomteformål.
12. Når det gjeld gangveg frå Thue-sida bør ein legge opp til å ha lysregulert fotgjengarovergang rett før bruа på syd-sida og deretter gangveg på BEGGE sider av bruа. På denne måten kan ein på syd-sida av bruа krysse vegen dersom ein skal mot dalen/skulen/Olivin-hallen eller ein fortset rett fram dersom ein skal mot butikkane/sentrum.

Vurdering:

1. Det er lagt opp til utfylling i sjø ved hamna for å kunne ta imot masser frå Stadt skipstunell.
2. Utfyllingsområde er ikkje regulert til eit spesifikt arealføremål slik det er foreslått i denne merknaden. Dette fordi det er ikkje avklart kor mykje masser ein vil kunne få frå skipstunellen og kor omfattande utfyllinga vil bli. Før det kan fyllast ut i sjø må det gjerast Konsekvensutgreiing.
3. Parkering er regulert mot gamle tekstilfabrikken.
4. Det er regulert fortau på begge sider av vegen forbi St.Jetmund kyrkjested.
5. Det er regulert sti langs Åheimselva som eit supplement til fortau langs fylkesvegen.
6. Dette er ei spørsmål som kan handterast gjennom byggesak og treng ikkje avklarast gjennom reguleringsplan.
7. Ved bankbygget (BS6) kan det etablerast bla. Leiligheter. Det er også regulert for bustad og tenesteyting i kombinasjon frå bankbygget mot Åheimtun.
8. For å lage gode trafikale løysingar for mjuke trafikantar og Vy Buss var det naudsynt å nytte nemnde område til ny busshaldeplass.
9. I dette området er det regulert for ny mindre parkeringsplass saman med eit offentleg grøntområde. Det er likevel regulert to torgområder der det kan etablerast scene dersom kommunen ynskjer å legge til rette for det.
10. På området som du nemner er det lagt opp til å flytte fylkesvegen lenger nord dit gangvegen er i dag. Det vil også vere utfordrande å setje opp større tiltak inn mot ei rundkøyring då det kan ta fokus vekk frå trafikkbilete. Statens vegvesen er restriktiv med å tillate tiltak inn mot fylkesvegar som kan skape trafikkfarlege situasjoner.
11. Store delar av 46/7 er lagt ut til bustadføremål.
12. Spørsmål om etablering av kryssingspunkt på sørsida av Åheimselva er vurdert i tilstøytande plan for gang- og sykkelveg på Åheim. Ein har der konkludert med at dette ikkje er tilrådeleg av trafikale omsyn. Det vert lagt opp til eit fortau/gang- og sykkelveg som ligg vest for Fv. 61 som orienterer seg mot sentrum med gode kryssingspunkt ved rundkøyringa for dei som skal mot skule/idrettsplass.

8.6 PIM AS – 04.09.2018 og 07.09.2018

Merknad:

- Vi ser behov for utvidelse av vårt areal med påbygg evt. nye bygg. Vi ser det derfor som svært viktig for oss at det blir hensyntatt dette i reguleringsarbeidet, slik at det blir mulig med god utnyttelse av eksisterende areal til påbygg, samt at det er areal i nærheten som kan bebygges. Det er viktig at det er mulig å bygge i høyden og med høy arealutnyttelse



- Se vedlegg for en tenkt løsning. Dette er bygg i samme stil utførelse som Pallefabrikken og er 12x49m i areal, 10 meter høyde.

Vurdering:

- Dette området er no avsett til sentrumsformål med moglegheit for å bygge heilt i formålsgrense og bygg med flatt tak med gesims/mønehøgde på 10,5 m.
- Der dette tilbygget er plassert vil det legge hindringar for ei ny kørerute i sentrum. Ei utviding mot aust for 46/6 ville gje ei betre utnytting av området og samtidig ikkje hindre den sentrumsstrukturen som ein ynskjer å ha på Åheim.

8.7 Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum – 14.09.2018

Merknad:

- Museet kjenner ikkje til marine kulturminne i planområdet for Åheim sentrum, Vanylven kommune som kan bli råka av planarbeidet. Museet har derfor ingen merknader til planarbeidet.

8.8 Møre og Romsdal fylkeskommune – 13.09.2018

Merknad:

- Vi gjer merksam på at ein må gjennomføre ei konsekvensutgreiing for heile eller dei delar av reguleringa som ikkje er i samsvar med overordna plan, jamfør Forskrift om konsekvensutredninger § 6.
- Det kommer ikkje fram i dei dokumenta som er sendt over korleis ein vil jobbe med medverknad undervegs i planprosessen. Dette må synliggjeraast og ikkje minst gjennomførast, jamfør § 5 i plan- og bygningsloven.
- Vidare rår vil til at dei friområda som er sett av i kommuneplanen blir vidareført. Dette er viktige lunger og ha med i ein sentrumsutvikling.
- Vi vurderer planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, knytt til steinalder og bronsealder, jernalder og mellomalder. Her er høgde over havet, eksisterande kulturminne (St. Jetmundkyrkja) og tidligare funn i området ein viktig indikator for vurderinga av potensialet. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).
- St Jetmund kyrkja, naustmiljøet i Åheim og dei eldre bygningane i sentrum mellom er gjeve status som regionalt viktige kulturminne. Desse ligg saman, tett opp mot eit større industriområde, og krev at det vert jobba med å gje dei ein god buffer mot industrien. På andre sida av industriområdet ligg den freda prestegarden. Den ligg utanfor plangrensa, men slik at den godt kunne vore med. Desse områda må bli avmerka med omsynssone, og med regler mot riving, krav til vernefagleg for snarleg istandsetting og vedlikehald av bygningar og landskapselement som støer, trær, murar mm.
- Barn og unge skal sikras eit godt oppvekstmiljø. Vi rår til at ein i forbindelse med utarbeiding av denne plana gjennomfører ei barnetråkkregistrering. Mellom anna ligg Åheim skule rett utanfor planområdet, det er også større bustadfelt knytt til planområdet. Det vil derfor være sentralt å kartlegge barn og unge sitt forflytningsmønster som grunnlag for vidare planarbeid.
- Universell utforming er ført opp som eit viktig prinsipp å ivareta i planarbeidet. Dette er særleg viktig i eit sentrumsområde og kan virke fremmande både på befolkningas bevegelsar, trygghet og ikkje minst bruk av sentrum.
- Vanylven kommune har ei klar og tydeleg visjon når det gjeld klima og miljø: «Vanylven skal vere blant Norges fremste miljøkommuner i vidaste forstand, med



fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling». Visjonen må atterspeglas og leggast til grunn i det vidare planarbeidet.

Vurdering:

- Det er gjennomført KU av bustadområde 1-8. Denne ligg som vedlegg 8.
- Planarbeidet er varsle oppstart i tråd med reglane i plan-og bygningslova samt at det er gjennomført folkemøte 29.08.2018. Det har kome mange innspel til planarbeidet så det kan tyde på at det har vore tilstrekkeleg merdverknadsaktivitet ved oppstart.
- Dei store friområde i sentrum er beholdt og også utvida ved at O, sør for St. Jetmunde kyrkje no er erstatta med offentleg friområde. Det er også lagt inn grøne områder i sentrumsstrukturen.
- Det synest voldsomt å kreve arkeologisk registrering for heile planområdet for fylkeskommunen har fått avklart kva områder som er tenkt utvikla. Ved offentleg ettersyn vil kommunen avklare med fylkeskommunen kva områder dei meiner kan vere aktuelle når ein ny ser kva område kommunen ynskjer å utvikle vidare.
- Naustmiljøet og St. Jetmund kyrkje er foreslått verna med vernesone H570 med tilhøyrande føresegner. Vernereglane i eksisterande plan for Åheim vest småbåthamn er vidareført. Prestegarden er ikkje inkludert i planforslaget.
- Det er ikkje gjennomført ei barnetrakkregistrering i samband med dette planforslaget. Barn og unge sin aktivitet i dette området er mest knytt til transport til og frå skule/idrettsområde og bustaden samt mot sentrum. Det er gjort vurderingar på dei tiltaka som gjeld fortau/gang- og sykkelveg i sentrum og vurdert fordelar og ulemper ved dei ulike alternativa. Dette er gjort i tilstøytande plan for gang- og sykkelveg for Åheim.
- Universell utforming er sikra i føresegna til planen.
- Slik planforslaget er teikna ut så er det stort fokus på trivsel, vekst og berekraftig utvikling for Åheim. Ei utvikling i tråd med reguleringsplane vil gje ei strammare sentrumsutforming med gode areal for mennesker i alle aldersgrupper med torg og grøntområdet.

8.9 Fylkesmannen i Møre og Romsdal – 01.10.2018

Merknad:

- Vi minner om at ein må gjere ei konsekvensutgreiing for heile eller dei delar av reguleringsplanen som ikkje er i tråd med arealdelen i kommuneplanen, jf. pbl § 4-2.
- Vi minner elles om naturmangfaldlova, der ein etter § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.
- Dersom tiltak kjem i konflikt med raudlisteartar og deira leveområde må dette konsekvensutgreiast. Mellom anna er det registrert sandsvale (NT-nær trua) og vite (EN-sterkt trua). Fylkesmannen meiner at verdien av vågosen som naturtype i seg sjølv og som funksjonsområde for sjeldne fugleartar er så stor at ein ikkje må gjere tiltak som endrar naturtilhøva i denne eller randsonene.
- Mykje areal innanfor planområdet utgjer fulldyrka jord. Jordvern skal vere ein viktig premiss i all arealplanlegging. Vi minner om den nasjonale jordvernstrategien, vedtatt av Stortinget 2015, med mål om at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 dekar innan 2020... Framlegg til arealbruk som ikkje tar nødvendig omsyn til dyrkjord, kan bli møtt med motsegn.
- NVEs aktsomhetskart for flaum- og snøskred viser at området nord-aust for krysset ved brua over Åheimselva er innanfor potensiell utløpssone for skred. Kartet er eit grovt oversiktskart som gjev ein indikasjon på mogleg utløpssonar. Det må derfor




gjennomførast ei skredfagleg vurdering for ein kan slå fast at det er tilstrekkeleg trykkleik i området.

- ROS-analysen tar omsyn til ekstremvær/stormflo, kommunen har kommentert at bygg innanfor utsett område må plasserast på godkjent høgde. Godkjent høgde må spesifiserast i vidare planarbeid. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kommunen har tatt omsyn til havnivåstigning i sin ROS-analyse, dette må inkluderast i vidare arbeid.
- Deler av planområdet er utsett for trafikkstøy, i tillegg til støy frå verksemder i området. Anbefalte støygrenser iht retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) skal leggast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplanar. Støynivå på uteoppahaldsareal skal tilfredsstille tilrådde grenser i tabell 2. Det må difor gjerast ei støyfagleg utgreiing som gir grunnlag for planlegginga.
- Vi legg til grunn at barn og unge sine interesser blir tatt inn som ein vesentleg premiss i planlegginga. Vi minner om at ved regulering skal eigna areal til leik sikrast i plankart og føresegner, og det gjeld både nærliekeplassar og kvartalsleikeplassar. I tillegg må det knytast konkrete og eintydige funksjons- og rekkefølgekrav til føremålet leik. I nærliken av planområdet ligg både Åheim skule og bustadfelt. Temaet trafikktryggleik må difor stå høgt på dagsorden i planlegginga.
- Vi legg til grunn at ein i eit sentrumsområde legg til rette for at det er trygt og praktisk å komme seg fram ved gange/sykkel...I eit sentrumsområde er det særleg viktig at ein legg til rette for at alle – barn, unge, voksne, blinde og gamle med eller utan funksjonsnedsettingar – kan komme seg dit ein skal, helst ved eiga hjelp.

Vurdering:

- Det er gjennomført KU av bustadområde 1-8. Denne ligg som vedlegg 8.
- Det er gjort vurdering etter naturmangfaldsloven § 7-12. Sjå kap. 7.3.
- Sjå kap. 7.3. Vi kan ikkje sjå at det er planlagt tiltak som vil kome i konflikt med raudlisteartane i området.
- Viser til den lokale uttalen som gjeld jordbruk i kap. 7.8. Området som ikkje er avklart i overordna plan(kommuneplan) ligg mellom eksisterande bebyggelse og fv. 61. Ein ser dette som eit potensielt attraktivt område for busetting med gode områder for born og unge.
- Slik vi ser det ligg aktsomhetssone for snøskred utanfor planområdet og det er såleis ikkje krav om at det må gjennomførast ei skredfagleg vurdering. Sjå utsnitt frå NVE atlas og planforslag under:



- Det er lagt føringar på plassering av nye bygg i føresegna. Hovudregelen er at bygg ikkje kan plasserast under kote 2.7 m over NN 2000.
- Sjå kap. 5.8 for gjennomgang av støyforhold og sikra at det må gjennomførast støytiltak i føresegna § 2.5.
- Det er lagt inn ei vesentleg auke i antal grøntområder i sentrum og leikeplassar ved nye bustadområde. Vi meinar planforslaget har teke omsyn til barn og unge sine interesser på ein god måte.
- Ei utvikling i tråd med planforslaget meinar vi vil skape eit trygt og praktisk sentrum for mennesker i alle aldrar og på sykkel.

8.10 Knut Bøstrand – 19.09.2018

Merknad:

- Hurtigbåtkai er allerede innregulert ved småbåthamna, denne må fortsatt være innregulert. (veit der er sterke krefter blant enkelte politikarar og folk i administrasjonen som vil ha denne fjerne då dei heller vil ha hurtigbåtanløp på Fiskå, men skjer det så vert det ramaskrik og mobilisering på Åheim).
- forgjengarfelt frå Åheimkrysset mot barnehagen, fotgjengarfeltet kan ende ved den kommunale vegen ved prestegården (nedan for Åge Kvamme).
- Gangveg frå Thue/Kriken og gangbru over Åheimelva bør av trafikktryggingshensyn ligge på elvesida av vegen (mot sør).
- Bussterminal må inn i planen og, Åheim er eit knutepunkt i Stadt kommune og med hurtigbåtanløp vert det endå større behov for dette.
- Sentrumsnære tomter.
- utfylling ved småbåthamna til industriareal, tunellmasse.
- fortau/gangveg frå sentrum til gamlesentrums.

Vurdering:

- Tidlegare reguleringsplan for småbåthamna er vidareført slik det var regulert.



- Det er regulert gang- og sykkelveg mellom sentrum og barnehagen i tråd med innspelet.
- Viser til avsnitt 6.5 der det går fram kvifor gang- og sykkelveg/fortau er lagt nord/vest for fv. 61.
- Det er regulert inn bussterminal i sentrum.
- Det er regulert inn ei vesentleg auke i antal bustadområde samt kombinasjonsområder nærmere sentrum som tillet leiligheter i etasjer over bakkeplan.
- Det er regulert inn utfyllingsområde ved småbåthamna for tunellmasse, men stilt krav om KU før det kan fyllast ut.
- Det er regulert både fortau og sti ved elva som skal binde saman sentrum og «gamle sentrum».

8.11 Mona Sølvi Sekkingstad – 20.09.2018

Merknad:

- Ved første bygdamøte i september 2018 om regulering av Åheim Sentrum, ble det pekt på at landbruksområdet ved innkjøring til Sibelco var tenkt å verte utlagt til industriområde. Som nærmeste nabo til dette området ser eg det som heilt uhørt å legge et industriområde mitt inne i eit byggefelt og bygd. Alle industriområder skaper støy og støv. Dessuten vil det forringe salgsverdien på eigendomane våre. Det må kunne finnast betre løysingar for industriområder enn dette.

Vurdering:

- Det er ikkje regulert noko meir industri eller utviding av industriområdet kring Sibelco.

8.12 NVE – 20.09.2018

Merknad:

- NVE har kome med ei generell uttale kring si rolle og forvaltning av sitt lovverk. Det er rådd til å nytt ein del rettleiarar i arbeidet.

Vurdering:

- Ein har nytta dei verktøy som ein meiner er naudsynte for dette arbeidet. Viser elles til ROS og vurderingar knytt til skred og flaum som eigne vedlegg.

8.13 Riksantikvaren – 14.09.2018

Innspelet frå Riksantikvaren er ein merknad til Møre og Romsdal fylkeskommune som skal innarbeidet innspelet i deira uttale. Viser derfor til vurderingane som er gjort for innspelet frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

8.14 Hans-Jakob Branden – 24.09.2018

Merknad:

- I følge detaljreguleringsplanen er Gnr. 46 bnr. 81 nå en del av arealet som skal reguleres. Da tomta er tenkt benyttet til boligformål ber vi om at gjeldende regulering blir opprettholdt.

Vurdering:

- Denne tomta ligg framleis som bustadområde i planforslaget.



8.15 Åheim bygdeutvikling – 24.09.2018

Merknad:

- Utviding av kyrkjeområdet/gravplass mot aust. Her er det forslag om å utvide området ved å kjøpe opp tomtene til Rasmus Støvereide og Rasmus Løvold(Bnr.39). Seinare i framtida kan ein vurdere oppkjøp av tomta til Bent Støvereide (Bnr. 31).
- Parkering til St. Jetmund kyrkje. Området på nedsida av vegen, ved kyrkja, egnar seg godt til dette formålet. Her er det stor plass, og vi ser for oss eit område der ein kan kombinere parkeringsplass til kyrkja, med eit park/friluftsområdet. Det kan også fungere som parkering til den framtidige hurtigbåtkaia, som tidlegare er regulert inn i hamneområdet
- Gangveg frå sentrum mot barnehagen/ prestegarden. Frå denne må det gå ein arm opp mot Ospefeltet, om lag ved eigendommen til Per Hansen(Bnr. 90) / Idar Hellebust(Bnr 113/FT. 12). Det må også vere ein undergang under fylkesveg 61, som fører ned til sentrum.
- Gangveg frå sentrum til småbåthamna.
- Bussterminal. Busstopp og trafikksituasjonen rundt butikkområdet skaper farlege situasjoner. Området ved parkeringsplassen til Mindorgarden er eit område, som ein meiner egnar seg godt til bussterminal. I same området har vi hytterenovasjonen, og i samband med den ser vi for oss tömmestasjon for bubar og ladestasjon for el-bilar. Her er også plass til parkering.
- Sentrumsnære boligar. I området rundt banken og mot Åheimtun, samt området på oppsida av fylkesveg 5, mellom Kroken (Bnr.34) og Soltun (Bnr.23) er fine områder til slik utbygging. Med fleire boligar i sentrum, kan ein også sjå føre seg at det kanskje vert marknad for ein kafè i framtida.
- Industri er viktig for Åheim og framtida, men ein må tenke nøy igjennom før ein plasserer og etablerer industrien. Ein ønskjer ikkje tung industri inn i sentrumsområdet(reguleringsområdet). Området nord for Sibelco innheld ein ås, som i dag skjermar boligfeltet for støy frå Sibelco. Denne bør få vere der. I området sør for boligfeltet er meiningane delte om bruken. Nokre meiner at det bør bli verande som jordbruksareal, og andre ser for seg utbygging av lettare industri her.
- Området til hurtigbåtkai må oppretthaldast. Det er viktig at buss/parkering blir lagt til rette ved hurtigbåtkaia, når det i framtida kjem Stadt skipstunnel.
- Gang/sykkelvegen frå Thue/Kriken er også viktig å få på plass, sjølv om dette ligg utanfor reguleringsområdet. Det er også viktig med separat gangbru over elva. Meiningane om kvar denne bør ligge er mange og delte.
- Det har også kome forslag om tursti langs elva frå sentrum til småbåthamna.
- Utbetring av krysset mellom fylkesveg 61, fylkesveg 5 og fylkesveg 1 må også prioriterast.

Vurdering:

- Det er regulert ei utviding av gravplassen mot aust. Dersom området skulle utvidast seinare må det gjennomførast eigne reguleringar for dette.
- Parkering til kyrkja sør for vegen lite eigna då området ligg både lågt i terrenget og det vil vere vesentleg kostnad med opparbeidet samt at både fylkeskommune og Riksantikvaren ikkje ynskjer at det gjerast tiltak sør for kyrkja då dette representerer ein heilskap. Parkering er planlagt mot gamle tekstilfabrikken.
- Det er regulert gang- og sykkelveg frå sentrum mot barnehagen. Det er også regulert ein gangveg ved 46/81 der det er ein type «snarveg» i dag. Undergangar er svært



arealkrevjande tiltak. Det er verken plass eller moglegheiter for å etablere ein undergang under Fv.61 slik det er foreslått.

- Det er regulert både fortau og sti ved elva som skal binde saman sentrum og småbåthamna.
- Det er regulert inn bussterminal i sentrum. Plasseringa er det vi meiner er best ift. sentrumsutvikling, struktur og tilkomst(for buss).
- Det er regulert inn ei vesentleg auke i antal bustadområde samt kombinasjonsområder nærmere sentrum som tillet leiligheter i etasjer over bakkeplan.
- Det er ikkje regulert noko meir industri eller utviding av industriområdet kring Sibelco.
- Tidlegare reguleringsplan for småbåthamna er vidareført slik det var regulert.
- Gang- og sykkelveg frå Thue/kriken til sentrum er ein del av tilstøytande reguleringsplan. Viser til kap. 6.5 med vurderingar for kvar denne bør ligge.
- Det er regulert inn tursti langs elva mellom småbåthamna og sentrum.
- Utbetring av dette krysset har vore eit av hovudmåla med planarbeidet.

8.16 Bent Støvreide – 26.09.2018

Merknad:

- Det bes innstendig om at eiendommen 46/39 ikke reguleres til fremtidig kirkegårdutvidelse, men reguleres sammen med eiendommen 46/31 til fortsatt beboelse.
- Det anføres ellers at parkeringsplass for kirken bør plasseres på nedsiden av kirkebygget, nærmere porten og inngangen til kirken. Dette blant annet av hensyn til bevegelseshemmede, men også med tanke på bomiljøet på begge sider av kirkegården. Parkering til kirkegården bør ikke plasseres rett nedenfor bolighusene.

Vurdering:

- Det er behov for utviding av kyrkjegården og dette er den mest naturlege retninga då det ligg ein del begrensingar mot nord og vest(verna kulturmiljø mellom kyrkja og naustmiljøet). Det er derfor regulert for utviding som inkluderer 46/39.
- Parkering til kyrkja sør for vegen lite eigna då området ligg både lågt i terrenget og det vil vere vesentleg kostnadar med opparbeidet samt at både fylkeskommune og Riksantikvaren ikkje ynskjer at det gjerast tiltak sør for kyrkja då dette representerer ein heilskap. Parkering er planlagt mot gamle tekstilfabrikken.

8.17 Bygdefolk – 28.09.2018

Merknad:

- Industri bør/må leggast til sjønære områder. Område ved- og utanfor «Statoilkaia/småbåthamna regulerast til dette føremålet. Hurtigbåtkai vert å legge til same område.
- Vi støttar Åheim bygdeutvikling sitt innspel om å sette av areal til parkering mellom Åheimselva og St Jetmundskyrkje.
- Området vest for Jetmund Gjesteheim blir øyremerka som areal til etablering av turistrelaterte aktivitetar/bygg, og at det kan settast opp midlertidige bustadar i forbindelse med bygging av Stad Skipstunnel.
- Det må opnast for at fjøra ved Åheimtun/Jetmund Gjesteheim/ Klungreholmen kan fyllast ut og plastrast (på same måte som det er gjort i området vest og nedanfor St.Jetmundskyrkje). Dette for å betre utnytte sentrumsnære areal til bustad og turistformål. Ein samanhengande gangveg frå bruva langs denne nye linja bør gå til eit



nytt parkområde ved St. Jetmundskyrkje og den innteikna parkeringsplassen. Dette vil være ei eiga unik naturoppleving langs elva.

- Vi støttar ÅBU sitt innspel om at den kommunale parkeringsplassen vert rydda og teken i bruk til busshaldeplass og anna reiserelatert aktivitet.
- Ubebygd areal av G nr 46 br.nr 20 vert å nytte til bygdehus/kino/serveringsstad eller andre fellesformål/sentrumsformål.
- «Pedermarka» (46/7) opp mot skogkanten bør nyttast til bustadformål. Tradisjonelt jordbruk nær sentrums- og tettbygde områder, må unngåast

Vurdering:

- Tidlegare reguleringsplan for småbåthamna er videreført slik det var regulert.
- Parkering til kyrkja sør for vegen lite eigna då området ligg både lågt i terrenget og det vil vere vesentleg kostnad med opparbeidet samt at både fylkeskommune og Riksantikvaren ikkje ynskjer at det gjerast tiltak sør for kyrkja då dette representerer ein heilskap. Parkering er planlagt mot gamle tekstilfabrikken.
- Riksantikvaren ikkje ynskjer at det gjerast tiltak sør for kyrkja då dette representerer ein heilskap. Det er planlagt bustadar og tenesteyting i kombinasjon aust for Åheimtun. Området er sett av til bygging og kan evt. omdisponerast ved akutt behov for innlosjering av arbeidarar knytt til Stad Skipstunell.
- Det er planlagt samanhengande tursti langs Åheimelva frå småbåthamna til Fv. 61 der ein kan gå vidare på gang- og sykkelveg. Dette trur vi kan verte ei fin rute for rekreasjon og trim. Det vert derimot ikkje lagt opp til utfylling i eller ved Åheimselva då ein vil kome i konflikt med raudlisteartar som er registrert som Kritisk truet og sterkt truet.
- Den kommunale parkeringsplassen er foreslått som bussterminal.
- 46/20 mfl. Er regulert til sentrumsføremål som opner for eit variert bruk av området.
- Området er foreslått til nytt byggjefelt i planforslaget.

8.18 Kystverket – 12.10.2018

Merknad:

- Sjøformål er mangelvare i varselet. Vi antar at ikke hele sjøarealet skal benyttes til de varsle reguleringsformåla, men også skal ha ulike sjøformål. Planavgrensningen ligger på ca 45m dyp i SV-hjørnet og ca 35m i NV-hjørnet. Dette er vel neppe areal som tenkes utfylt til nytt landformål.
- På det meste strekker planavgrensningen seg ca 150m inn i forskriftsfesta farledsareal. Vi forutsetter at deler av sjøarealet mellom vestre planavgrensning og land blir benevnt «Farled». Vi kan akseptere en østre avgrensningslinje for formålet «farled» innskrenkes til en linje hhv 70m inn i SV og 90m inn i NV.
- Det er ikke varlet nye kaier med tanke på anløp av fartøy over 1350tonn. (KU-vurdering).
- Vi anbefaler at fyllingsfot på sjøbunn for nye sjøfyllinger synliggjøres/framstilles i plankartet og at dette arealet kan benyttes til utfylling under vann.
Iflg. ROS-analysen (naturgitte forhold) skal ustabile grunnforhold utredes. Vi anbefaler at geotekniske forhold utredes med tanke vekt/utgliding dersom det planlegges å gjennomføre store utfyllinger i sjø.

Vurdering:



- Det har vore intensjonen å også inkludere sjøformål i planforslaget. Ein inkurie er nok årsaken til at dette ikkje har vore teke med som tema i oppstartsvarselet. I planforslaget er det lagt til rette for både Farled, hamneområde i sjø, småbåthamn og naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Foreslått avgrensing er vist i plankartet med stipla linje (RpBestemmelseGrense) med krav om KU før det vert iverksett tiltak.
- Området som er nemnt i merknaden er sett av til Farled.
- Området ved kaia (o_SKI1) er ei vidareføring av allereie godkjent reguleringsplan for Åheim småbåthamn. Det er ingen endring i arealføremål frå denne planen.
- Før utfylling i sjø skal det gjennomførast ein KU(områdeføresegn) der også utstrekning av fyllingsfot vil vere gjenstand for vurdering. Det må også gjerast ei vurdering av grunnforholda og om det kan vere fare for utgliding.

8.19 Ivar Sandnes – 31.01.2019

- Jeg er eier av eiendommen 46/5 på Åheim (se vedlegg) som tydeligvis ikke er en del av området som det nå er satt i gang regulering for. Deler av denne eiendommen, arealet mellom daleveien og elva, ønsker jeg å se på mulighetene for bruk til andre formål. Dette området kan vanskelig brukes til slått og gressdyrkning, og blir i dag kun lett vedlikeholdt slik at det ikke gror til. Området skulle være ideelt til boligformål da det både er sør vendt med utsikt, er sentrumsnært og har nærhet til skole, idrettsplass og hall. Dette håper jeg kan være interessant for både Vanylven kommune og for eventuelt andre utbyggere/interessenter. Jeg kommer med denne henvendelsen nå da dette i tilfelle vil kreve endring og omregulering av det aktuelle området, og siden det nå også jobbes med ny reguleringsplan for Åheim sentrum. Ser fram til å høre fra dere om dette er noe som bør tas hensyn til i det arbeidet som allerede er satt i gang, og om dette er noe som Vanylven kommune ser positivt på og kan være interessert i å vurdere nærmere.

Vurdering:

- Det stemmer at området ikkje er ein del av dette reguleringsarbeidet. Dersom du ynskjer å gå vidare med planar for tilrettelegging av bustadar i dette området må det startast eit arbeid med privat regulering.

8.20 Jeanette Alvestad – 24.06.2019

Merknad:

- I forbindelse med salg av Skogly, trenger jeg en bekreftelse på avtalen som ble inngått mellom Severin Alvestad og kommunen, vedrørende opprettholdelse/ tilbakeføring av friområde mellom eiendommene GBNR 46/14 (Skogly) og naboeiendommer på nedside, GBNR 46/61 og 46/62.

Vurdering:

- Planforslaget er teikna med bakgrunn i kommuneplanen sin arealdel der kommunestyret har vedteke å legge ut området til bustadområde. Det visast til plan-og bygningslova § 3-2 der det går fram at kommunestyret er øvste plan-og arealbruksmyndighet i kommunen. Etter plan-og bygningslova § 12-1 avgjer kommunestyret på grunnlag av ei skjønnsmessig vurdering kva areal som skal regulerast, om det skal gjerast endringar i vedtekne reguleringsplan og korleis areal skal nyttast i plansamanheng. Det er heller ingenting i kommunalsjefen sitt svar datert 24.06.2019 at her er lagt noko føringar for at dette området vere eit friområde. Som administrasjon har vi til oppgåve å utføre ordre frå kommunestyret og i dette tilfellet



virkar det klart at kommunestyret har godkjent område til bustadar i kommuneplanen og adm. vidarefører derfor dette i ny reguleringsplan.

8.21 Opplysningsvesenets fond – 20.08.2018

Merknad:

- Vi viser til mottatt oppstartsvarsel for detaljregulering i Åheim sentrum. Opplysningsvesenets fond er hjemmelshaver til skog og dyrka mark nord i planområdet. Vi har ingen bemerkninger på dette stadiet, men ber om varsling ved offentlig ettersyn og planvedtak.